

Generaldebatt

Under generaldebatten har de moglegheit til å kome med tankar/meningar/innspele om korleis de meiner 4H kan bli enda betre for dykk.

4H Rogaland startar eit spennande prosjekt i 2022 som heitar **Læreriike opplevingar** og vil gjerne ha innspel av dykk under generaldebatten.

Om prosjektet «Læreriike opplevingar»: Etter nesten to år med avlysingar vil me skape gode, kjekke og læreriike opplevingar for dykk. Me vil laga ein «katalog» med kurs og aktivitetar som klubbar og medlemmar kan velja mellom og gjennomføra lokalt. Aktivitetane vil bli presentert som nesten ferdige opplegg, er gratis, og tilsett i fylket vil gje rettleiing i korleis ein kan tilpassa dei lokalt.

Vi har laga nokre spørsmål som kan vera til hjelp.

1. Kva kurs skal det vera for at akkurat **du** vil vera med på kurs?
2. Kva aktivitetar treng klubben din?
3. Korleis kan vi få mest mogleg medlemmar med på kurs?
4. Er du mest interessert i:
 - A: Aktivitet med heile klubben din?
 - B: Aktivitet saman med andre klubbar?
 - C: Kurs for medlemmar i heile fylket?

Synast du det er kjekt å vera med å påverka korleis 4H skal vera? Me treng medlemmar til å vera med vidare for å komma med idear, og å fortelja kva som er kult og ikkje. Har du lyst? Ta kontakt med oss i [4H Rogaland!](#)

Du kan også fortelje noko heilt anna til fylkesstyret i 4H Rogaland. Generaldebatten er eit open forum for alle på årsmøte!

Me ser fram til å høyra dykkar innspel på årsmøtet.